

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 06/2025 | Klokkeslett: 09.00- 11.00 | Dato: 10.11.2025

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Synnøve Vilsvik og Kristina Vikesund | Dato: 13.11.2025

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Tone Oppedal	Avdelingsdirektør, Statens vegvesen
	Nina Bognøy	Ordførar, Alver kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Anita Garlid Johannessen	Varaordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Eivind Nævdal-Bolstad	Byråd, Bergen kommune
	Synnøve Stalheim	Direktør, Statsforvaltaren i Vestland
	Geir Vangen	Seksjonsleiar, Jernbanedirektoratet
Andre	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Tor Corneliussen	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Sondre Hillestad	Bergen kommune
	Hilde Heggheim	Bergen kommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Arve Helle	Vestland fylkeskommune
	Sigmund Kristoffer Solberg	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Kari Gåsemyr	Sekretariatet i Miljøløftet (sekretariatsleiar)
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet i Miljøløftet

Anders Kjetland	Sekretariatet i Miljøøfttet
Kristina Vikesund	Sekretariatet i Miljøøfttet
Erlend Otterå	Sekretariatet i Miljøøfttet

Innhold

Saksliste byvekstavtalen Bergensområdet	3
Sak 58/25 Godkjenning av innkalling og sakliste	3
Sak 59/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 29.06.2025	3
Sak 60/25 Orientering om forslag til statsbudsjett	3
Sak 61/25 Økonomirapportering per 2. tertial	3
Sak 62/25 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv	3
Sak 63/25 Forslag til prinsipp for prioritering mellom prosjekt (post 30-66 midlar)	4
Sak 64/25 Eventuelt	5
Saksliste Bypakke Bergen.....	5
Sak 65/25 Orientering om tal for trafikk og inntekt i Bypakke Bergen	5
Sak 66/25 Eventuelt, Bypakke Bergen	5

Saksliste byvekstvtalen Bergensområdet

Sak 58/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste er godkjende.

Sak 59/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 29.06.2025

Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 60/25 Orientering om forslag til statsbudsjett

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, orienterte om regjeringa sitt forslag til statsbudsjett som vart lagt fram 15. oktober.

Til saman tre prosjekt har ikkje fått midlar i forslaget, men i møtet kunne Malin Bismo Lerudsmoen, Statens Vegvesen, fortelje at dei ser på moglegheita for å nytte ikkje disponerte midlar slik at også prosjektet *Ytre Arna - Breistein* kan få oppstart i 2026.

I forslaget er det lagt opp til å betale tilbake litt mindre av dei tilbakehaldne belønningssidlane enn det som låg til grunn handlingsprogrammet i 2026. Statens vegvesen har meldt at dette er basert på prognosar for forbruk og for å minimere beløp som står på fond. Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, presiserte at fylket har hatt dialog med Statens Vegvesen om dette. Fylket har bruk for midlane, men dei kan bruke tidlegare ubrukte belønningssidlar som står på fond i 2026. Dei føreset at dei tilbakehaldne midlane frå staten kjem seinare.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 61/25 Økonomirapportering per 2. tertial

Synnøve Vilsvik, sekretariatet, presenterte Miljøløftet sin økonomirapport for 2. tertial.

Prosjekta i byvekstvtalen har ei samla løyving på 1,2 mrd. i 2025. Økonomirapporteringa ved 2. tertial viser ein årsprognose på 1,3 mrd. Dette tyder at ein del av etterslepet frå tidlegare er planlagt teke igjen i år. Det er eit venta mindreforbruk på om lag 220 millionar, som er lågare enn førre år. Då var mindreforbruket på 272 millionar.

I presentasjonen viste Vilsvik korleis mindreforbruket kan fordelast på tre ulike årsaker:

- Forseinkingar i prosjektgjennomføring
- Manglande statleg finansiering
- Planlagt mindreforbruk

Vedtak: Styringsgruppa ser at resultata er betra samanlikna med tidlegare og tek elles saka til orientering.

Sak 62/25 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, orienterte. Byindeksen er hovudindikatoren for å følgje opp nullvekstmålet og blir publisert fortløpande på nettsidene til SVV her:

[Trafikkutvikling | Statens vegvesen](#). I tillegg blir det utarbeidd tertialvise rapportar. Den siste rapporten, frå august 2025, vart presentert i møtet. Den viser at den treårige glidande

indeksen (den det blir målt på når det gjeld oppfylling av nullvekstmålet) for første gong er over null, på 0,4 prosent. Siste år har trafikken auka med 2,4 prosent.

Det blei stilt spørsmål om byindeksen inkluderer nyttetraffic. Bauge opplyste at det blir gjort ei utveljing av data, og at berre køyretøy med lengd under 5,6 meter er inkludert i indeksen. Han peika på at gjennomgangstrafikken, altså trafikk som startar og sluttar utanfor avtaleområdet, er vurdert til under 0,3%. Det finst også data frå TØI i samband med byutgreiinga, som viser at næringstrafikken i Bergen er berekna til å utgjere om lag 6 % av den samla trafikken.

Vidare presenterte Målfrid Vik Sønstabø, Skyss, passasjertal for 2025, fram til og med september. Etter ein periode med stor vekst, ser det ut som passasjertala stabiliserer seg på eit nivå litt under det vi hadde før pandemien. Ho peika på at vedlikehald og stengingar har påverka tala negativt, og at ein har mista rundt 650 000 passasjerar på dette. Elles har det vore ei god utvikling i passasjertala for september.

Til slutt presenterte Astrid Håvik, Jernbanedirektoratet, passasjertal for 2025 til og med september, for Vossabanen og Arnalokalen. Tala viser ein samla auke i høve til 2024, med særleg gode tal for Arna lokal.

Jon Askeland, fylkesordførar, kommenterte at det er gledeleg å sjå den positive utviklinga. Han understreka samtidig at fylkeskommunen må stå for takstkjøp, slik at reisande får rabatt ved bruk av Skyss-appen til billett kjøp. Den store auken i talet på reisande medfører at fylkeskommunen i dag har ein samla kostnad på 40 millionar kroner knytt til takstsamarbeid med Jernbanedirektoratet. Han peika på at staten må ta eit større ansvar for finansiering av kollektivtransport. Geir Vangen, Jernbanedirektoratet, uttrykte ønskje om å finne gode løysingar for utfordringane knytt til takstsamarbeidet framover.

Vedtak: Styringsgruppa konstaterer at det er første gong rapporteringa viser at nullvekstmålet ikkje er nådd. Styringsgruppa tek elles informasjonen om nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv til orientering.

Sak 63/25 Forslag til prinsipp for prioritering mellom prosjekt (post 30-66 midlar)

Kari Gåsemyr, sekretariatet, presenterte saka. Tidlegare har Statens vegvesen gjort ei prioritering mellom prosjekta som blir spelt inn til post 30 i statsbudsjettet, men det har vore eit ønske frå partane at denne prioriteringa blir gjort av Miljøløftet. Sekretariatet har formulert nokre kriterium som kan liggje til grunn for ei slik prioritering:

1. *Grad av måloppnåing*
2. *Grad av modenheit*
3. *Tidlegare tildelingar per kommune.*

Det blei stilt spørsmål om Bergen, etter dei to første kriteria, alltid vil ha størst måloppnåing og modenheit, og dermed vil kunne fortrenge prosjekt i omegnskommunane.

Til dette svara Gåsemyr at dette ikkje vil skje, fordi prosjekta framleis vil bli meldt inn og prioriterte i samsvar med vanlege prosessar i arbeidet med handlingsprogrammet. Det som er nytt er at prosjekta som er prioriterte til å bli spelt inn til statsbudsjettet blir sett opp i prioritert rekkefølge med utgangspunkt i kriteria.

Vedtak: Følgjande kriterium skal nyttast når sekretariatet skal utarbeide forslag til prioritering mellom modne prosjekt:

1. *Grad av måloppnåing*
2. *Grad av modenheit*
3. *Tidlegare tildelingar per kommune*

Partane vil kunne endre sekretariatet sitt forslag i samband med handsaming av handlingsprogrammet.

Sak 64/25 Eventuelt

Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, orienterte om at byutgreiinga er sendt på høyring til lokale partar, med frist for å gje høyringssvar innan 15. mars 2026. Det som er nytt sidan førre milepæl er at den samfunnsøkonomiske analysen no er ferdigstilt. Han opplyste samtidig om at Statens vegvesen stiller seg til disposisjon for å orientere både styringsgruppa og lokale partar om byutgreiinga, viss det er ønskje om å få resultata presentert i lokale eller politiske møte.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 65/25 Orientering om tal for trafikk og inntekt i Bypakke Bergen

Sigmund Solberg, Vestland fylkeskommune, presenterte tal for trafikk og inntekt til og med september 2025. Tala viser ein jamn auke i trafikkvolum gjennom 2025 i høve til 2024, samtidig som gjennomsnittsinntekt går ned grunna høgare elbilandel. Veksten i nullutsleppskøyretøy held fram, men er for 2025 litt lågare enn i prognosen frå NTP.

Eivind Nævdal-Bolstad, byråd, kommenterte at presentasjonen var nyttig og peika på behovet for tiltak. I lys av byutgreiinga som no er sendt på høyring, ønskjer han å arbeide vidare med både positive og restriktive tiltak i Bergen, då nullvekstmålet no blir brote.

Vedtak: Styringsgruppa konstaterer at det er vekst i trafikk, men fall i inntekt og ser med bekymring på utviklinga.

Sak 66/25 Eventuelt, Bypakke Bergen

Ingen saker meldt.